**Mal for emnebeskrivingar ved Universitetet i Bergen**

Ved Universitetet i Bergen skal studia vere organisert i studieprogram og emne. Eit studieprogram inkluderer fleire emne, som er omfatta av formell vurdering, og har studiepoeng knytt til seg som mål for omfanget av studentane sitt arbeid. Talet på studiepoeng for eit emne skal ordinært vere deleleg med 5, minste emneomfang skal ordinært vere 5 studiepoeng. Ei emnebeskriving er ein spesifikk plan for eitt av emna i eit studieprogram.

Studium ved UiB er regulerte gjennom *Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen* (Studieforskrifta), og gjennom nasjonale krav som ligg til grunn. For omtale av nasjonale krav, sjå rettleiing til søknad om oppretting av studieprogram, sjå søknadsskjema og rettleiingar på http://www.uib.no/foransatte/88791/opprette-studier
UiB si *Handbok for kvalitetssikring av universitetsstudia* har eit eige kapittel om oppretting og nedlegging av studietilbod, med oversyn over fordeling av ansvar og oppgåver i arbeidet med å opprette nye studietilbod.

**Om framside og struktur i malen**

I tillegg til informasjonen i tabellen nedanfor, skal emnebeskrivinga innehalde følgjande informasjon: Dato for godkjenning, dato for eventuelle justeringar, namn på instans som har godkjent beskrivinga, dato for førre evaluering og neste planlagde evaluering av emnet. Denne informasjonen skal stå på framsida. Framsidemal ligg sist i dette dokumentet.

Eventuelle forslag til tekst står i kursiv i kolonnen «Tekst». Rettleiing og nokre døme finst i kolonnen til høgre. Den må fjernast før emnebeskrivinga vert send til programstyre, institutt og fakultet. Kolonnen «Infotype» viser til kvar tekstane skal leggjast inn i Felles

studentsystem (FS), som er eit studieadministrativt verktøy. Dei som har fagleg ansvar for å utvikle emnet, treng ikkje bry seg om infotypane.

**Hugs å bruke engelsk der undervisningsspråket er engelsk**

| Kategori | Infotype | Tekst |
|---|---|---|
| **Emnekode** | | MEDSTAV12 |
| **Namn på emnet, nynorsk** | | Tolvte semester Vestlandslegen Stavanger |
| **Namn på emnet, bokmål** | | Tolvte semester Vestlandslegen Stavanger |
| **Namn på emnet, engelsk** | | Twelfth Semester Vestlandslegen Stavanger |

| | | |
|---|---|---|
| **Studiepoeng, omfang**<br><br>ECTS Credits | EB_POENG | 27 (3 poeng elektiv termin same semester) |
| **Studienivå (studiesyklus)**<br><br>Level of Study | EB_NIVA | Master |
| **Fulltid/deltid**<br><br>Full-time/Part-time | EB_FULLDEL | Fulltid |
| **Undervisningsspråk** | EB_SPRAK | Norsk |
| **Undervisningssemester**<br><br>Semester of Instruction | EB_UNDSEM | Vår |
| **Undervisningsstad**<br><br>Place of Instruction | EB_UNDSTED | Stavanger Universitetssjukehus (SUS) og omliggande helseteneste |

| | | |
|---|---|---|
| **Mål og innhald**<br><br>Objectives and Content | EB_INNHOLD | I dette semesteret vektlegges det at studentane skal integrere kunnskap frå alle fag og fagområder frå dei foregåande semestra. Studentane skal kunne utrede og behandle dei vanlegaste sjukdomane og dei viktigste akuttmedisinske tilstandane. På bakgrunn av tidligare tilegna kunnskap, ferdigheiter og haldningar, skal studentane sjølv kunne gjere ei klinisk undersøking, planlegge ytterligare utredning og legge opp behandling, oppfølging og rehabilitering.<br><br>Studentane skal kunne mestra førstehjelp ved livstrugande sjukdomar og alvorlege skader. Studentane skal kunne planlegge og iverksette førebyggjande tiltak, gjera etiske vurderingar ved samansette problemstillingar, og samarbeide på tvers av helsetenesta og med andre yrkesgrupper til beste for pasienter.<br><br>*Semester er avsluttende for å* 6-årig profesjonsstudium i medisin som består av 360 studiepoeng og gir graden cand. med. *Sluttkompetansen er definert gjennom* Forskrift om nasjonal retningslinje for medisinutdanning - Lovdata). |
| **Læringsutbytte** | EB_UTBYTTE | **Generelt**<br><br>*Aktuelt semester har  følgjande læringsutbytte for studentar:*<br><br>**Kunnskap**<br><br>***Studenten kan/skal:*** |

| | | |
|---|---|---|
| Learning Outcomes | | • ha avansert kunnskap om korleis utrede og behandle dei viktigste sjukdomstilstandar hos barn, ungdom, vaksne og eldre på alle nivå i helsetenesta innan dei tema som inngår i medisinstudiet<br>• ha avansert kunnskap om kva for tilstander som skal behandlast i primærhelsetenesta og kva som visast til spesialisthelsetenesta<br>• på basis av anamnese og klinisk undersøking, velgje relevante prøvar og undersøkingar<br>• prinsipp for formidling av klinisk informasjon til pasient og pårørande<br>• vera fortrolig med rutinar for praktisk, klinisk arbeid og relevant bruk av IT<br>• ha innsikt i at det kan vera ei psykisk påkjenning for pasienter/ pårørande dersom dei må ta avgjersler på mulig sviktande grunnlag<br>• prinsipp for å dela dårlige nyheiter med alvorleg sjuke pasienter og deira pårørande<br>• ha kunnskap om betydninga av empati og det å sjå pasientane /pårørande si psykososiale situasjon ved krevande kliniske situasjonar<br>• foreslå behandling og grunngje val av ulik medikamentell og kirurgisk behandling, med påfølgjande kontroll<br>• kjenna til prinsippa for medikamentelle interaksjonar og bivirkningar<br>• kjenna til risiko ved prosedyrar og kirurgiske inngrep<br>• kjenne til prinsippa for god kommunikasjon og samhandling mellom ulike avdelingar innan ein organisasjon og mellom ulike deler av helsetenesta<br><br>**Ferdigheiter** |

| | | |
|---|---|---|
| | | ***Studenten kan:***<br>• utreda, diagnostisera og behandla dei vanlegaste sjukdomane og akutte tilstander i primær- og spesialisthelsetenesta innan emne som inngår i medisinstudiet<br>• håndtera alvorlege akuttsituasjonar på ein systematisk måte<br>• gje tilpassa pasientinformasjon før, under og etter behandling<br>• bruka prinsippa for formidling av klinisk informasjon til pasientar/pårørande<br>• forutsjå og førebu seg på kommunikative utfordringar i møte med pasientar og pårørande<br>• kunne bruka kolleger til å bearbeida krevjande kliniske erfaringar<br>• forstå kompleksiteten i vanlege sjukdomsbilder<br>• utvikle ferdigheiter til betre samhandling og kommunikasjon innan eigen profesjon, mellom ulike profesjonar og mellom helsearbeidarar og ulike deler av helsetenesta<br>• utvikle ferdigheiter ift. tverrfagleg teamarbeid i behandling av akutt sjuke/alvorleg sjuke pasientar<br>• forstå dei krav som samfunnet stiller til legar, og forholda seg profesjonelt (personleg, etisk, og juridisk) ved mistanke om at feil er gjort, informere om feilen på en empatisk og etisk korrekt måte, og beklage feil der det er på sin plass<br>• kunne vita når ein trenger ny fagleg kunnskap og korleis denne hentast inn<br>• bruka prinsippa for god kommunikasjon mellom ulike avdelingar innan ein organisasjon og mellom nivåa i helsetenesta |

| | | |
|---|---|---|
| | | • jobba målretta med pasientsikkerheit og kvalitetsbetring<br><br>**Generell kompetanse**<br><br>***Studenten kan:***<br><br>• gjera ei fullstendig og sjølvstendig undersøking av einkvar pasient (sjukehistorie og klinisk undersøking) og systematisera pasientinformasjonen<br>• forstå betydninga og bruken av begrepa sensitivitet, spesifisitet og prediktive verdiar ved diagnostikk<br>• gjera etiske vurderingar, inkl. kostnytte vurdering, på individnivå og samfunnsnivå ved bruk av diagnostikk og differensialdiagnoser<br>• vurdere pasientar med eit samansett klinisk bilde med tanke på å prioritera enkeltkomponentar med tanke på vidare diagnostikk og behandling<br>• forstå betydningen av samanhenger mellom ulike deler av det samansette kliniske bildet, og i kommunikasjon med pasient/pårørande<br>• gje førstehjelp til pasientar med livstrugande sjukdomar og/eller skader<br>• prioritera mellom dei ulike behandlingstilbuda<br>• kjenne til viktige kontraindikasjonar, bivirkningar og interaksjonar ved vanlige behandlingsformer |
| **Krav til forkunnskapar** | EB_KRAV | Fullført MEDSTAV11 |

| | | |
|---|---|---|
| **Tilrådde forkunnskapar** | EB_ANBKRAV | |
| **Studiepoengsreduksjon** | EB_SPREDUK | |
| **Krav til studierett** | EB_STUDRET | Medisinstudiet, studiemodell Vestlandslegen |
| **Arbeids- og undervisningsformer**<br><br>Teaching and Learning Methods | EB_ARBUND<br><br>(Erstattar EB_UNDMETO) | Det vert hovedsakleg plenumsforelesningar med integrerte fagdagar.<br><br>Undervisningen preges av primærhelsetjenestefokus og integrerte fagdager og tematikk. Ulike fagelement vil inngå i mykje ulik undervisning og ikkje nødvendigvis som separate undervisningsøkter.<br><br>Integrerte fagdager er tildelt 24,1 studiepoeng fordelt mellom ulike fagmiljø på studiet (indremedisin, kirurgi, psykiatri, onkologi, allmennmedisin, samfunnsmedisin, pediatri, gynekologi og obstetrikk, øre-nese-hals, hud, øye og nevrologi).<br><br>Det blir omlag 6-7 timar pr veke vil bli avsett til eigenarbeid og førebuing. |

| | | |
|---|---|---|
| **Obligatorisk undervisningsaktivitet**<br><br>Compulsory Assignments and Attendance | EB_OBLIGAT | Med unntak av enkelte dagar skjer all undervisning i nærleik av SUS og UIB sine lokaler i Stavanger. Det kan tilkomme obligatoriske undervisningsaktiviteter og vurderingar frå Helse Vest sin læringsportal. |
| **Vurderingsformer**<br><br>Forms of Assessment | EB_VURDERI | Avsluttande eksamen består av tre element som inngår i ein felles heilhetlig vurdering:<br><br>Stasjonseksamen, OSKE12 (OSCE - Objective structured clinical examination) som er en stasjonseksamen der studentane blir testet i praktiske prosedyrer, undersøkingsteknikk, laboratorietester, konsultasjons- og kommunikasjonsferdigheter og andre element som ikkje kan vurderast gjennom skriftlege oppgaver.<br><br>Digital skriftlig eksamen (6 timar) som skal teste studentane sine kunnskaper, evne til klinisk resonnement og refleksjon samt integrasjon mellom ulike fag og fagområder.<br><br>Felles nasjonal avsluttande skriftleg deleksamen i medisin som testar kunnskap og klinisk resonnement gjennom oppgåver i MCQ-formatet (Multiple Choice Questions).<br><br>Begge lokale eksamenar blir vurdert til bestått/ikkje-bestått og dersom ein student har ikkje-bestått på ein av deleksamener blir det gjort ei heilhetlig vurdering av om RETHOS sine læringsmål er nådd basert på presentasjoner i begge lokale eksamenar der resultatet vurderast med lik |

| | | |
|---|---|---|
| | | vekting mellom eksamener. Felles avsluttende nasjonal deleksamen graderes med bestått/ikkje bestått, og må beståast for å bestå emnet. |
| **Hjelpemiddel til eksamen**<br><br>Examination Support Material | EB_HJELPEM | Enkel kalkulator i samsvar med modell oppført i UiB sine reglar |
| **Karakterskala**<br><br>Grading Scale | EB_K-SKALA | Bestått/Ikkje-bestått |
| **Vurderingssemester**<br><br>Assessment Semester | EB_EKSSEM | Vår |

| | | |
|---|---|---|
| **Litteraturliste**<br><br>Reading List | EB_LEREM | *Litteraturlista vil vere klar innan 01.12. for vårsemesteret.* |
| **Emneevaluering**<br><br>Course Evaluation | EB_EVALUER | Årleg evaluering i starten, deretter kvart tredje år i samhald med kvalitetssystemet for utdanning ved UiB |
| **Programansvarleg**<br><br>Course Coordinator | EB_PROGANS | Programutval for medisin har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på emna der |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| **Emneansvarleg** | EB_EMNANSV | Vert avklart |
| **Administrativt ansvarleg**<br><br>Course Administrator | EB_ADMANSV | Det medisinske fakultet har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet. |
| **Kontaktinformasjon**<br><br>Contact Information | EB_KONTAKT | vestlandslegen@uib.no |

Mal for forside til emnebeskrivingar ved UiB:

Emnebeskriving for ……………………………………………………… *(Namn på emnet, nynorsk)*

……………………………………………………………… *(Navn på emnet,, bokmål)*

……………………………………………………………… *(Name of the course,  English)*

*Godkjenning:*

*Emnebeskrivinga er godkjend av (Fakultetet brukar nemningar for godkjenningsorgan i samsvar med eigen praksis.):*

*Programstyret: ..........................................(dd.mm.år)*

*Institutt for ................. : ............................(dd.mm.år)*

*............ fakultet: ..........................................(dd.mm.år)*

*Emnebeskrivinga vart justert: ..........................................(dd.mm.år) av ........................................................................*

*Evaluering:*

*Emnet vart sist evaluert: ..........................................(dd.mm.år)*

*Neste planlagde evaluering: ..........................................(dd.mm.år)*